



Klokka 08.10: Kim-Frode har fått på seg den nye sekken, og er på veg ut døra til sin første skuledag.



Klokka 08.15: Dei tre syskena Kim-Frode (6), Anne-Lovise (9) og Kai-Sindre (15) er klar til avmarsj frå Djupedal.



Klokka 08.20: Kontaktlærer for 1. klasse Atle Solheim, gjer dei siste førebuingane i klasserommet.



Klokka 09.50: 1. klasse får møte bamsen Brumle som skal vere med i klassa. Lærarane Johanne Vengen Jensen og Atle Solheim greier ikkje å overtale Kim-Frode at Brumle kan snakke.



Klokka 11.25: Kim-Frode tek fram matboksen, og et opp alle dei tre skivene.




Klokka 13.50: Tida går veldig fort på slike kjekke dagar, tykkjer Kim-Frode, Amalie og Birgitte. Snart er den første skuledagen over.



Klokka 14.10: Kim-Frode er ferdig med første skuledag, og på veg heim. – Vi fekk heldigvis ikkje lekser, seier Kim-Frode.

1. klasse: Amalie, Lovise, Sander, Kristoffer, Vilde, Victoria, Richard, Henrik, Emma Karoline, Mette, Josefine, Kim-Frode, Kenneth, Birgitte, Benedicte, Mathias og Agnes hadde sin første skuledag på måndag. Lærarane Atle Solheim, Johanne Vengen Jensen og Reidun Løvold hadde lagt ned mykje arbeid for at elevane skulle få ein fin start.



Ballbingeopning på første skuledag

Ved Hauge skule i Bre-manger vart ballbingen offisielt opna den første skuledagen etter ferien.

Åge Senneset
aage.senneset@fjt.no
telefon 958 94 334

Ordførar Kåre Olav Svarstad fekk æra av å opne ballbingen ved Hauge skule.

– Det er ikkje tvil om at ballbingen var sårt etterlengta. Uansett kor tid eg køyrer forbi er det aktivitet i bingen.

Om ikkje lenge skal vi opne endå eit nytt aktivitetstilbod her ved skulen, då er det fleirbrukshallen, sa Svarstad, før han sende ballongar opp i lufta og erklærte ballbingen for offisielt opna.

Kvar ballong var merkt med kvar dei var sende frå og rektor Aage Kvendseth oppmodar dei som måtte finne dei om å ta kontakt. Rektoren delte ut blomster til prosjektleiar Annette N. Rosø og vaktmeister Terje Hauge for deira innsats i arbeidet med ballbingen. Alle elevane var samla i ballbingen til starten på eit nytt skuleår og Kvendseth ønskte

dei nye elevane spesielt velkomne:

– Vi startar eit nytt skuleår, og for dei som har sin første skuledag er dette ein heilt spesiell dag. Eg håpar at alle får det kjekt på skulen, og at vi tek godt vare på kvarandre, sa rektor Aage Kvendseth.

Opna: Ordførar Kåre Olav Svarstad markerte den offisielle opninga av ballbingen ved Hauge skule med å sende nokre ballongar opp i lufta.

